



ÅRSPLAN FOR SFO

Borgund oppvekstsenter

Skuleåret 2025–2026



Innleiing

Skulefritidsordninga (SFO) ved Borgund oppvekstsenter er eit frivillig tilbod for elevar på 1.–4. trinn. SFO skal vere ein trygg og inkluderande arena der barna får moglegheit til lek, fellesskap, meistring og utfolding i samspel med andre barn og trygge vaksne.

Årsplanen tek utgangspunkt i **Rammeplan for SFO**, og er samstundes tilpassa lokale forhold, organisering og ressursar ved Borgund oppvekstsenter. Planen skal vere eit styringsdokument for tilsette, og eit informasjonsgrunnlag for føresette.

Forankring i rammeplan for SFO

SFO ved Borgund oppvekstsenter byggjer på følgjande hovudprinsipp frå rammeplanen:

- Barnets beste skal liggje til grunn for all praksis
- Lek er ein grunnleggjande verdi
- Barna skal oppleve fellesskap, medverknad og tryggleik
- SFO skal vere eit supplement til skulen, ikkje ei forlenging av skuledagen
- Samarbeid mellom heim, skule og SFO er sentralt

Gjennom lek, skapande aktivitetar, fysisk utfolding og sosialt samspel skal barna få utvikla både sosial, emosjonell og motorisk kompetanse.



Organisering av SFO i kvardagen på Borgund

SFO er organisert med to ulike tilbud som føresette kan velja mellom:

Tilbod A	Morgon-SFO (formiddag) + onsdag
Tilbod B	Morgon-SFO (formiddag), onsdag pluss ettermiddagstilbod

Morgon-SFO

- Opningstid: kl. 07.00–09.00
- Felles frukost kl. 08.00
- Levering før kl. 08.00 eller etter frukost (ca. kl. 08.20)
- Morgon-SFO er eit roleg tilbod med inneaktivitetar og fokus på trygg start på dagen

Onsdagar er heile SFO-dagen lagt til skulen. SFO held då til på skulekjøkkenet i starten av dagen.

Når 3.–4. trinn har skuledag, er det dei yngste barna som nyttar SFO-tilbodet på onsdag. Når det er skulefri for alle elevane, vert onsdagen organisert som full SFO-gruppe.

Ettermiddagstilbod (Tilbod B):

Ved skuleslutt kl. 14.30, går elevane som har tilbod B vidare til **barnehagen**, der dei har SFO-tilbod fram til barnehagen stengjer kl. 16.15.

Omsorg, tryggleik og relasjonar

Omsorg og tryggleik er grunnlaget for all aktivitet i SFO. Tilsette arbeider aktivt for å:

- skape trygge relasjonar mellom barn og vaksne
- leggje til rette for gode sosiale fellesskap
- ha oversiktlege rammer og tydelege rutinar

SFO ved Borgund oppvekstsenter er ei lita eining, noko som gir gode føresetnader for nærleik, oversikt og individuelle tilpassingar.



Leik, aktivitet og fellesskap

Leik er den viktigaste aktiviteten i SFO. Barna får høve til både fri leik og vaksenstøtta aktivitetar, tilpassa alder, interesse og dagsform.

SFO nyttar:

- gymsal
- grillhytte
- uteområdet og nærmiljøet
- inneareal til skapande og rolege aktivitetar

På onsdagar og i feriar vert dagane delte mellom inne- og uteaktivitetar, slik at barna får både fysisk utfolding og rolege aktivitetar i løpet av dagen.



Årshjul – aktiviteter gjennom året

Aktivitetene i SFO er planlagde med utgangspunkt i årstid, tradisjoner og rammeplanen sine mål om lek, skaparglede og fellesskap.

Månad	Aktivitetar	Pedagogisk forankring i rammeplan for SFO
Januar	Vinterbilete i papp. Førebuing til Samefolkets dag med samehatt.	Skapande aktivitetar som fremjar fantasi og finmotorikk. Utforsking av årstid og natur. Arbeid med samisk kultur styrkjer kulturell forståing, respekt for mangfald og fellesskap.
Februar	Vidare arbeid med vinterbilete. Lage snømann.	Kreativ utfolding knytt til barnas kvardag og nærmiljø. Samarbeid i gruppe og utvikling av sosial kompetanse.
Mars	Perling. Puslespel.	Trening av konsentrasjon, tolmod og finmotorikk. Aktivitetar som legg til rette for meistring og arbeid i eige tempo.
April	Påskeaktivitetar. Arbeid med mønster og form.	Utforsking av fargar, former og tradisjonar. Skapande arbeid som kombinerer lek og læring.
Mai	Teikning og perling. Fokus på det norske flagget.	Kjennskap til nasjonale symbol og tradisjonar. Samtalar om fellesskap, identitet og demokratiske verdiar.
August	Lage pynt til vindauge på SFO.	Skape eigarskap til SFO-miljøet. Fellesskapsbygging og trygg overgang til nytt skuleår.
September	Pynt og klipping i papp.	Materialutforsking, hand-auge-koordinasjon og skaparglede gjennom praktisk og leikprega aktivitet.
Oktober	Halloween-aktivitetar. Lage flaggermus og gresskar i papp.	Fantasi, rolleleik og kulturelle uttrykk. Felles opplevingar som styrkjer sosialt samspel.
November	Lage kransar.	Bruk av naturmaterial. Fokus på estetikk, rolege aktivitetar og samarbeid.
Desember	Julemotiv og julepynt.	Kjennskap til tradisjonar og høgtider. Fellesskap, trivsel og forventning i førjulstida.

Barns medverknad

Barnas medverknad vert ivareteken gjennom:

- daglege samtalar
- moglegheit til å påverke aktivitetar
- observasjon og tilpassing frå tilsette



Medverknad skjer på barnas premissar og i tråd med alder og modning.

Måltid og matglede

På onsdagar og i feriar lagar SFO felles lunsj.

- Lunsjplan vert sendt ut via Visma for to månader om gongen
 - Måltidet vert brukt som sosial og pedagogisk arena
 - Fokus på ro, trivsel og gode samtalar rundt bordet
-

Samarbeid med heim og skule

Godt samarbeid med føresette og skule er ein føresetnad for eit godt SFO-tilbod.

- Informasjon vert formidla via Visma
 - Påmelding til feriar skjer via Visma, tre veker før ferien
 - SFO samarbeider tett med skulen og barnehagen ved behov
-

Vurdering og utvikling

Årsplanen vert evaluert årleg av rektor og tilsette ved SFO.

Planen kan justerast ved behov, og skal vere eit levande dokument som støttar god praksis og vidare utvikling av tilbodet.

Laga i samarbeid mellom Rita og Linda